



## SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Behandla i:  
**Kommunestyret**

Møtedato:  
**07.09.2015**

Sak nr:  
**56/15**

**Saksbehandler:** Rolf Bergseth  
**Arkivsak:** 12/1607-13

Arkiv: G21

### HØYRINGSSVAR - PROSJEKT SJUKEHUSUTBYGGING. FELLES UTTALE FRÅ GJESDAL, KLEPP OG TIME KOMMUNAR

I samband med framlegging av konseptrapport til høyring, ønsker Helse Stavanger HF kommentarer på dei ulike alternativa som er framlagd. I konseptfasen har ein kome fram til 4 ulike alternativ for framtidig sjukehusutbygging, der ein forstår det slik at alternativet med nytt sjukehus i eitt trinn er uaktuelt ut frå dei økonomiske føresetnadane for helseføretaket.

Dette høyringssvaret er eit forsøk på å sameine interessene til fire kommunar: Gjesdal, Time, Klepp og Hå. Felles for desse kommunane er at dei ligg sør eller søraust for alle dei presenterte lokaliserings-alternativa. Alle fire kommunane har sterk folkevekst og folketals-framskrivingar indikerer også framtidig sterk folkevekst. Kommunane vil difor difor sannsynleg utgjere ei relativt større del av folketalet i Sør-Rogaland i framtida enn per i dag.

For våre fire kommunar er det viktig at brukarane for framtidig SUS, altså sjukehuset sine pasientar, har lett tilgjengelegheit til sjukehuset. Dette gjeld naturlegvis også for pårørarande/besøkande. D.v.s. at det er gode kommunikasjons-linjer med gode kollektivløysingar og parkeringsmuligheiter.

Likeeins er det i vår interesse at SUS i framtida vil vere ein attraktiv arbeidsplass for helsearbeidarar og anna fagpersonell som har bustad i våre kommunar. Då betyr også tilgjengelegheit svært mykje. Pendleavstand og –tid er essensielt.

Ein del drøftingar i konseptrapporten, som t.d. kostnadmessige vurderingar ved dei ulike alternativa, er for oss irrelevant og dermed ikkje problematisert her. Vi rekner det også som implisitt at det vil vere sikra eit godt og forsvarleg medisinsk tilbod for pasientane i opptaksområdet under byggeprosessen.

I konseptrapporten kjem det fram at alle tre alternativ ( Stokka, Våland og Ullandhaug) må byggast ut i 2 fasar grunna dei økonomiske rammene som ligg føre. Det vil difor vere drift på to stader over mange år. I alle tre alternativa vil ein flytte ut somatiske sengeavdelingar, akuttfunksjon og større operative avdelingar først, og i andre trinn dagaktivitetar, poliklinikkar og psykiatriske klinikkar. For våre kommunar er det ingen av alternativa som peiker seg spesielt positivt eller negativt ut, sett ut frå byggeprosessen. Ein ser at Våland-alternativet vil vere ei belastning, med stor byggeaktivitet tett på eksisterande bygningsmasse, og med utfordringane å oppretthalde full aktivitet med mellombelse løysingar i mange år.



Når ein går inn på skildringa av dei tre alternativa reint bygningsmessig og gjeldande intern logistikk, så er det vanskeleg å meine noko om dette. Ein kan ikkje sjå spesielle svakheiter ved nokre av lokaliseringane i så måte. Det kan derimot sjå ut til at Stokka- og Ullandhaug- alternativa inneber større muligheiter og fleksibilitet for framtidig utbygging når det oppstår nye kapasitetsutfordringar.

Langt viktigare er tilgangen til eit framtidig sjukehus, både for kommunane våre sine pasientar og for dei som skal jobbe der. Det kjem fram i konseptrapporten at det er tenkt tilrettelegging for kollektivtransport, trygge sykkel-trasear og parkeringskapasitet både på Stokka og Ullandhaug. For framtidig tilsette vil kanskje **Stokka-alternativet** vere det gunstigaste, då ein vil ha kortare pendleveg, og unngå det trafikk-belasta Forus-området i dagpendlinga. Motsett ser vi at Stokka-alternativet vil vere uhensiktsmessig for brukarane busett i Ryfylke-kommunane grunna auka avstand. Våland-alternativet, med nærleiken til togtrasè, er kanskje det aller beste og framtidsretta for tilsette frå sørlege Sør-Rogaland.

**Ullandhaug-alternativet** har ei potensiell stor føremon: Samlokalisering med UiS. Ein oppnår imidlertid ikkje gunstige effektar av dette automatisk. Men dersom ein tenker seg at dette kan påskunde prosessar mot eit framtidig fullt medisin-studium ved UiS, vil dette kunne vere svært viktig for framtidig rekruttering og stabilitet i kommune-helsetenesta.

### **Konklusjon:**

Gjesdal, Klepp, Time og Hå ligg sør eller søraust for alle tre utbyggings-alternativa. Vi er spesielt opptatt av kort veg og god tilgjenge til SUS for våre pasientar, pårørande og tilsette som er busett i våre kommunar. Alle tre alternativ er gode om tilrettelegging av kollektivtransport blir gjennomført som beskrive i prosjekta. Vi ønsker også naturlegvis ei plassering som sikrer SUS rom for ytterlegare utviding når det blir aktuelt endå lenger fram i tid.

Vi vurderer det som krevjande å bygge ut for framtidige behov i det eksisterande sjukehus-området på Våland. Her er det areal-knappheit og muligheiter for «evigvarande» byggeprosessar, og sannsynleg lengst frå der veksten i befolkninga kjem. Avstanden til tog-stopp på Paradis er også så stor at pasientar og pårørande i liten grad kan bruke denne kommunikasjonsforma.

Det er ikkje automatikk i at samlokalisering med Universitetet i Stavanger gjev betre fagleg samarbeid og innovasjon, men vi kan heller ikkje sjå at det kan vere negativt. Ved eit eventuelt framtidig medisinsk fakultet vil det ligge store fordeler i samlokaliseringa som vil truleg vil gje store positive ringverknader for primærhelsetenesta i heile fylket.

For våre pasientar, pårørande og tilsette meiner vi at Ullandhaug-alternativet vil vere best, gitt at det blir lagt opp til den tilrettelegging for kollektivtrafikk og biltrafikk som skildra i konseptrapporten. Vi vurderer også Våland-alternativet som det dårlegaste av dei tre alternativa.

### **Innstilling:**

Referatsak i hovudutval for helse og omsorg 19.08.2015 sak 36/15

### **Einstemmig VEDTAK:**

Hovudutval for helse og omsorg tok referatsakene til orientering.

**Formannskapet den 24.08.2015**

***Formannskapet ønsker at saka blir behandla i kommunestyret.***

**Kommunestyret den 07.09.2015 sak 56/15**

**Kommunestyret si behandling:**

*Forslag frå Torbjørn Hovland -krf*

1. Klepp kommune hadde sett det som naturleg at eit sjukehus på Øksnevad i Klepp vart utgreia. Særleg sett lys av diskusjonen om kommunereforma, den regionale utviklinga i regionen, og framtidig dobbeltspor til Egersund.
2. Klepp kommune vil understreke at bygging av eit nytt sjukehus er svært sentralt for byutvikling og regional utvikling. Forus alternativet bør vurderast utgreia, då dette vil liggje svært sentralt i høve til dobbeltsporet og bussvegen. Det vil og utvikle Forus området i høve til bustader og næring.
3. Klepp kommune vil uttrykkje uro for at plasseringa på Ullandhaug ikkje vil gje gode trafikale løysingar og eit godt nok kollektiv tilbod. Fylkeskommune bør før byggjeart forplikte seg til å utvikle og oppretthalde eit godt kollektiv tilbod til innbyggjarane i Klepp. Dagens tilbod til og frå Universitet er ikkje godt nok.

Samlokalisering med Universitet gjev ikkje automatiske synergieffektar, og vert Ullandhaug valt må det utarbeidast konkrete planar for å sikre synergieffektar.

4. Klepp kommune stiller seg undrande til at spørsmålet om plassering av nytt sjukehus skal avgjerast av eit styre, i staden for eit folkevald organ.

*Forslag frå Børge Brunes -v*

Klepp kommune meiner at sjukehuset bør byggjast på universitetsområdet.

**Votering:**

Forslaget frå Torbjørn Hovland -krf, punkt 4, fekk 28 stemmer. 3 stemte mot, Geir Strømstad -h, Margot Bekkeheien -h og Bjørn Sæstad -h

Forslaget frå Torbjørn Hovland -krf, punkt 1 - 3, fekk 25 stemmer.

Forslaget frå Børge Brunes -v fekk 6 stemmer, Bjørn Sæstad -h, Bjørn Aase Honningsvåg -h, Geir Strømstad -h, Karl Kleppe -h, Margot Bekkeheien -h og Børge Brunes -v. Forslaget falt.

## KOMMUNESTYREVEDTAK:

1. Klepp kommune hadde sett det som naturleg at eit sjukehus på Øksnevad i Klepp vart utgreia. Særleg sett lys av diskusjonen om kommunereforma, den regionale utviklinga i regionen, og framtidig dobbeltspor til Egersund.
2. Klepp kommune vil understreke at bygging av eit nytt sjukehus er svært sentralt for byutvikling og regional utvikling. Forus alternativet bør vurderast utgreia, då dette vil liggje svært sentralt i høve til dobbeltsporet og bussvegen. Det vil og utvikle Forus området i høve til bustader og næring.
3. Klepp kommune vil uttrykkje uro for at plasseringa på Ullandhaug ikkje vil gje gode trafikale løysingar og eit godt nok kollektiv tilbod. Fylkeskommune bør før byggjeart forplikte seg til å utvikle og oppretthalde eit godt kollektiv tilbod til innbyggjarane i Klepp. Dagens tilbod til og frå Universitet er ikkje godt nok.

Samlokalisering med Universitet gjev ikkje automatiske synergieffektar, og vert Ullandhaug valt må det utarbeidast konkrete planar for å sikre synergieffektar.

4. Klepp kommune stiller seg undrande til at spørsmålet om plassering av nytt sjukehus skal avgjerast av eit styre, i staden for eit folkevald organ.

Rett utskrift, 10.09.2015

Wigdis B. Detlie  
formannskapssekr.

Utskrift til:

Helse Stavanger HF, Postboks 8100, 4068 STAVANGER

Time kommune, Postboks 38, 4349 BRYNE

Hå kommune, Postboks 24, 4368 VARHAUG

Gjesdal kommune, Rettedalen 1, 4330 ÅLGÅRD